



DEN NORSKE KYRKJA  
Kviteseid Sokneråd

## Referat frå møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 22. august 2018 kl. 18.00

På kommunehuset

### Innkalla og møtte:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, Kommunens representant Tore Åsland (deltok på sak 48-52)  
1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn, Kyrkjeverje Kristen Salmelid

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.  
Beverting v/ Hans Kristian Aabø

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal  
(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle)

<b>Sak 48/18</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	HB
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga sendt ut på e-post 13.08.2018 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.  <b>VEDTAK: som foreslege.</b>		
<b>Sak 49/18</b>	<b>Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 13.06.2018</b>	HB
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Referatet frå møtet 13.06.2018, sendt ut på mail 15.06.2018, vart godkjend.  <b>VEDTAK:</b> Referatet frå møtet 13.06.2018, sendt ut på mail 15.06.2018, vart godkjend. Ferdig referat sendast ut til soknerådet når det føreligg. SR har då ei veke på å koma med tilbakemelding på om noko er feil referert. Utan tilbakemelding er referatet godkjent for å leggast ut på nettsida <a href="http://www.kviteseid.sokn.no">www.kviteseid.sokn.no</a>		
<b>Sak 50/18</b>	<b>Post og meldingar</b>	MG, HB, ML, KS
1. <u>Marit Gotuholt</u> orientera om føreståande arrangement: a. 1. juli kl. 19.30: <i>Konsert i Kviteseid kyrkje ved Operagutta for 5. år på rad.</i> b. 23. sept.: <i>Konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00 ved Seljord Songlag som syng tekstar av Olav Mosdøl arrangert av Oddbjørn Aase. Seljord Songlag feirar 30 års jubileum med desse konsertane i Valle, Kviteseid og Seljord.</i> c. 2. nov.: <i>Gratis allehelgensdag-konsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire.</i>		

- d. 8.des.: Julekonsert ved Emil Solli Tangen mfl. i Kviteseid kyrkje kl. 19.00
  - e. Adventskonsertar i Vrådal kyrkje (dato), og Kviteseid kyrkje 16.12.
  - f. Organist Dagfinn Køhn arrangerer 2 salmekveldar med foredrag og salmesong, truleg kveldstid søndag 13. og 20. januar 2019
2. Møyfrid Lunde:
    - a. Fellesmøtekomitèen har lagt opp til 4 felles bønnesamlingar for Kviteseid i haust med ansvar for forsamlingane på omgang. Soknerådet ved Møyfrid Lunde har ansvar 26/9. Plakat henges opp. På Betel siste onsdag kvar månad kl. 20.30
  3. Hanne Roholdt orienterar frå Vrådal kyrkjelyd om status for vedlikehald gamal kyrkjegard, om trefelling o.a.: 11 bjørk blei felt i juni, av dei var to råtne. Ein dugnadsgjeng på 11 personar står klare til å rydde opp når bjørkene er henta. 12 trær står att.
  4. Arbeida med vindauge-glasa i Kviteseid kyrkje (Investeringsprosjekt 2017, delvis overført til 2018): Verneglasa til Kviteseid kyrkje er bestilt og kjem 5.9. Montering startar straks etter melder ny leiar av Kviteseid glasservice Thor Henning Krossøy.
  5. Kyrkjeskipp i Kilen kapell er endeleg godkjend, og skipet er hengd opp i kapellet og vart 'avduka' søndag 12.august.
  6. Investeringsprosjekta for 2018:
    - a. Automatisk ringeanlegg Kviteseid: Riksantikvaren bad i juli om noko tilleggsinformasjon, og fekk det. Ventar på godkjenning frå RA.
    - b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp. 1500 fliser til 3 sider på Brunkeberg tårn lagast etter planen av Olav Kvålsgard i Åsgrend no i august på sag. 5000 fliser til apsisen på gamlekyrkja produserast med øks for hand av Halvor Bjåland med fleire i haust og vinter, viss vi snarleg får tak i stor tettvakse malmfuru. Vi har søkt Cappelen Skoger (Ulefoss) om gratis trevirke. (På matrikkelen eig Cappelen grunnen kyrkja står på, sjå eigen sak). I begge desse tak-sakene vert det ingen 'totalentreprenør', men vi må sjølv avtale alle einskilte detaljar som virke, produksjon, stillas, riving av gammalt og oppsetting av nye takflis.
  7. Ny leasingbil for 5 år vart henta 22. juli, og har fått logo på dørene. Totalkostnad kvar månad er lågare enn på sist bil.
  8. Prosjekt 'Auka gåveinntekt' startar med eit kveldskurs i Kristiansand 6. september. Nokon frå komiteen reiser dit.
  9. Kyrkjevevja har i sommar mellom anna arbeid ein del med å finna nye festere til graver der fester er død. Det arbeidet er nær fullført. Grunna sjukemelding og ferieavvikling hos kyrkjjetenar- og kyrkjegardsarbeiderane, har kyrkjevevja følgt opp utarbeidet tettare enn vanleg. Kyrkjevevja har sjølv berre hatt ei veke ferie i sommar, men hadde ein periode rundt påske og skal ha meir i oktober.
  10. Lydanlegg i Kviteseid kyrkje er forbetra. Alt utstyr er samla bak ved miksepulten, Høgtalarar har fått nye kablar og dei nye svarte (frå 2016) er kobla saman med dei gamle, og alle saman til forbetra teleslynge. Forsterkaren er veldig belasta. Det kjøpas ny (4-5000). Teleslynge er betre enn tidlegare, men svært dårleg etter dagens standard.
  11. Vrådal kyrkje har fått to nye pipebeslag.
  12. På Kviteseid kyrkjegard er ujamnheit blitt tilført jord maskinelt for å letta framtidig vedlikehald.
  13. Kviteseid pinsemenighet Fredheim har innsetjing av ny barne- og ungdomspastor 2. sept. kl. 11.00. Håkon Birkeland representerer Den norske kyrkja i Kviteseid.
  14. Personalsaker:
    - a. Ellen Katrine Køhn går av med pensjon i haust, men fortsett i si stilling som klokkar i Kviteseid inntil vidare

- b. Birgitte Nødland Danielsen går ut i svangerskapspermisjon frå 1. januar 2019. Lysing etter vikar må skje no snart, fortrinnsvis same person for begge dei to små stillingane Birgitte har i dag.
15. To brannsikre skåp er motteke frå banken. Eit plasserast på kontoret, og eit i sakristiet i Kviteseid kyrkje for oppbevaring av kyrkjesyld med meir.
  16. Høyring om prostigrenser i bispedømmet ligg ute. Det vert ingen endring i vårt, Øvre Telemark prosti. Bø og Sauland kommunar som går saman ligg begge i dette prostiet.
  17. Høyring om ny kyrkjeordning er utsatt.
  18. KA melder om brot mellom KA og 22 fagforeiningar i forhandlingar om ny Hovudtariffavtale. Det er oppnådd einigheit med 10 forbund. Dei 12 siste møter KA hos Riksmeklingsmannen 18.9.

<b>Sak 51/18, FR</b>	<b>Rekneskapsrapport jan-juli 2018</b>	<b>KS</b>
----------------------	--	-----------

Økonomileiar i kommunen har levert rapport for årets 7 fyrste månader, men utan avstemming av bank.  
Kyrkjevevja har på rapporten som leggast fram periodisert tilskot frå kommunen til 7 månader, sjølv om det berre er utbetalt og ført for 6 månader pr. dato.

Driftsresultatet brutto etter periodisering syner kr 39.370 i overforbruk. (v/3 mnd: kr 262.000, v/ 5 mnd: kr 226.000). Lønsutgiftene er likevel akkurat der dei skal vere pr. dato, og drifta er grei.

Avdelingsvis har

- *110 Kyrkjeadministrasjon* eit driftsoverskot på kr 56.000, 55.000 betre enn forventa pr. periode.
- *111 Kyrkjer* har eit driftsunderskot på kr 54.000, 6.000 dårlegare enn forventa
- *112 Kyrkjegardar* har eit driftsunderskot på kr 53.000 (grunna ikkje innkravd festeavgift for året før i okt./nov)
- *113 Andre kyrkjelege formål* har eit overskot på kr 5.000 mot budsjettet 64.000 i underskot for same periode. Det er 70.000 betre en budsjettet for perioden.

*Vedlegg: Driftsrapport 2018.7*

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet tek den framlagde rekneskapsrapporten til vitande.

**VEDTAK: som føreslege.**

<b>Sak 52/18, FR</b>	<b>Driftsbudsjett 2019 (forslag)</b>	<b>KS</b>
----------------------	--------------------------------------	-----------

Kommunen startar med sitt budsjettarbeid i september. Kyrkja sitt budsjettforslag bør vere klart tidleg i den prosessen.

Vedlagt ligg difor allereie eit forslag til driftsbudsjett for 2019, ein detaljert for kyrkja sine 4 avdelingar, og ein kort utgåve med berre hovudtala som er det nivået vedtaket gjerast på.

1. Det er lagt opp til en generell lønsauke på 1,5 % og ein generell auke i tilskot frå kommunen på 2,8 %.
2. Festeavgifta som er ein vesentleg del av inntektsgrunnlaget, viser seg blir kr 100.000 lågare i 2019 fordi færre fester forfell. Difor ber soknerådet om kompensasjon for redusert inntekt frå kommunen.
3. Det er òg lagt opp til ein start på ekstra innsamling av faste gåver til kyrkja sitt arbeid, utanom kollektar i kyrkja. Det som samlast inn i 2019 ynskjer vi å avsetje

på øymerka fond til framtidig auka stilling til trusopplæring. Det er naudsynt med ein buffer før ein eventuell stillingsauke.

4. Det er ynskjeleg om vi kan få til ein revisjon av tenesteytingsavtala med kommunen. Det påverkar ikkje tilskotet frå kommunen.

Samla ber vi kommunen om kr 3.506.000 i tilskot til drift av kyrkjesektoren for 2019. Samla inntekt og utgift balanserar med kr 4.863.000.

*Vedlegg: Budsjettforslag 2019 (Kort)*

*Budsjettforslag 2019 (Detaljert)*

### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet godkjenner det framlagte forslaget til driftsbudsjett for 2019 og ber kommunen om ei generell auke av tilskotet på 2,8 %. I tillegg ber rådet om kr 100.000 for som kompensasjon for reduserte festavgifter i 2019 på grunn av færre graver som forfell dette året. Samla bidrag frå kommunen vert då kr. 3.506.000.

### **VEDTAK: som føreslege.**

<b>Sak 53/18, FR</b>	<b>Overføring av kyrkjelege eigedomar til Kviteseid sokn</b>	<b>HB / KS</b>
----------------------	--	----------------

Kyrkjeverja har i sommar starta arbeidet med å få samla alle dei kyrkjelege eigedomane under Kviteseid sokn.

Gjeldande kyrkjelov og gravferdslov trådte i kraft 1.januar 1997 og frå den dato vart soknet eit sjølvstendig rettsobjekt og kan være heimelseigar til fast eigedom.

Etter kyrkjelova §17, 3. ledd og gravferdslova § 1, 3. ledd er kyrkjer og kyrkjegardar soknets eigedom, med mindre anna fylgjer av særskild rettsgrunnlag.

[Rundskriv V-6/2002 B](#) beskriv prosessen rundt overføring av kyrkjelege eigedomar frå kommune til kyrkjeleg fellelsråd.

I desse sakene er det søkt råd hjå bispedømekontoret og i KA (Kyrkjens arbeidsgivar- og interesseorganisasjon). KA laga i 2007 eit eige hefte som omhandlar alle sider ved forskjellige eigedomsoverdragingar til kyrkja.

I Kviteseid er dei kyrkjelege eigedommane som fylgjer, G.nr/Br.nr (gards- og bruksnummer), alle med kommunenummer 0829 Kviteseid:

1. **40/146 (Inntil 8 mål av dette til nyaste gravfelt L i Kviteseid, og framtidig utviding) der heimelen står på Kviteseid kommune**
2. **40/30 (Eldste gravfelt A-H i Kviteseid) Kviteseid kommune**
3. **82/25 (Brunkeberg kyrkjegard og grunn til kyrkja og bårhuset) Kviteseid kommune. Vi tenkjer ikkje gjere noko med den nye parkeringsplassen i Brunkeberg.**
4. **13/11 (Eldste del av kyrkjegarden og grunnen til kyrkja i Vrådalen) Kviteseid kommune**
5. **13/13 (Utvida del av kyrkjegarden i Vrådalen) Kviteseid kommune**
6. 40/11 ('Kyrkjehammaren') der heimelen står på 'Kviteseid hovudsokn'
7. 40/35 (Ein liten del nedanfor felt A-H) Inge Råmundal
8. 13/14 (Del av parkeringsplassen og grunn til bårhuset i Vrådalen) der heimelen står på Tor Sanden
9. Resten av parkeringsplassen i Vrådalen, liten del 13/4 der heimelen står på Tor Sanden
10. Grunn til kyrkja i Fjågesund der heimelen står på Trond Andreas Fjågesund, del av 20/15. Tomta til kyrkja blei i 1913 utskild frå Fjågesund Søndre, som Halvor Østenå åtte då. Det er all grunn til å tru at tomte vart gjeven, men at eigarskifte ikkje vart formalisert.

11. *Unummerert markert del som 'Kyrkjegard' i Fjågesund*, utskilt frå eigedomen 20/36, 38, 41 som Nils Torjus Østenå eig nå. Då den blei etablert i 1901, blir det sagt at det var Dordi Kaasa som kjøpte kyrkjegardstomta av Kristian Nordbø og gav ho vidare til grenda. Òg her kan det mangla offisielle papir.
12. 18/38 (*Kyrkjegard og grunn til kapellet i Kilen*) der heimelen står på 4-5 arvingar, deriblant Niels Cato B. Aall. Hr. Brukseigar' Nils Fredrik Aall gav i 1957 tomte og materialar til bygginga av kapellet. Arvingane har sjølv bedt om at overdraginga formaliserast.
13. 22/1 (*Kviteseid gamle kyrkegard og kyrkja*) der heimelen står på Carl Didrik Cappelen. Hans far S.D. Cappelen kjøpte Kviteseid gard på auksjon i 1870.

Grunnbokutskrift for desse eigedomane er bestilt og motteke frå Statens Kartverk.

Vedlagt ligg eit forslag til avtale om overføring av eigedomane der kommunen i dag står som heimeleigar (pkt. 1-5 i oversikta). Den avtalen må godkjennast av soknerådet og kommunestyret før den kan setjast ut i live. Her er det snakk om vederlagsfri overdraging og lovfesta utan tinglysingsavgift til staten. Kommunestyret handsamar saka på sitt møte 13. september.

Samtalar med dei einskilde privatpersonar om overdraging av dei kyrkjelege eigedomane er i gang. Dei munnar vonleg ut i avtalar om vederlagsfrie overdragingar fordi eigedomane i si tid var gjeve til kyrkjelege føremål.

For Kilen er skøyte send for underskriving av heimelseigarane.

Sjølv om det truleg ikkje blir snakk om kjøp av eigedomane, vil det normalt løpe kostnader til gebyr for kart- og delingsforretning. Soknerådet søker kommunen om fritak for dei kommunale gebyra. Dokumentavgift til staten må betalast (2,5% av salssummen, minimum kr 250,-).

Soknerådet går i dialog med kommunen om dekking av eventuelle større utlegg som skulle dukke opp i samband eigedomsoverdragingane.

*Vedlegg:*

- Forslag til avtale med kommunen om kyrkjelege eigedomar 2018
- Grunnbokutskrift for eigedomane
- Kart og utsnitt av eigedomane

#### **Forslag til VEDTAK i soknerådet:**

1. Soknerådet godkjenner forslaget til avtale om overdraging av heimel for kyrkjelege eigedomar frå Kviteseid kommune til Kviteseid sokn.
2. Soknerådet ber kyrkjevevja arbeide vidare med dei kyrkjelege eigedomane i Kviteseid med tanke på overføring av heimlane som i dag står på privatpersonar.
3. Soknerådet søker kommunen om fritak for dei kommunale gebyra i alle desse sakene.

#### **Handsaming under møtet:**

Det vart informert om to mindre feil i det som er skrivi om eigedomane:

- **Pkt. 8: 13/14 (*Del av parkeringsplassen og grunn til bårhuset i Vrådal*) der heimelen står på Tor Sanden. RETT er at heimelen står på Kviteseid kommune og inngår difor i avtalen med kommunen.**
- Pkt. 9: *Resten av parkeringsplassen i Vrådal*, liten del 13/4 der heimelen står på Tor Sanden. RETT namn skal vere Odd Gunnar Sanden.

Jordskifteretten kan godt takast med på råd i prosessen vidare.

Vegrett, plass til parkering og anna aktuelt må også hugsast på å få inkludert i eigedomane der det er aktuelt, og få tinglyst.

*Vrådal gamle kyrkjegard* føres opp som pkt. 14 på lista. Den er ikkje oppmålt eller registrert på kyrkja. I matrikkelen er den feilaktig ført opp på grunneigar av G/br.nr 14/3

Avtalen mellom Kviteseid kommune og Kviteseid sokn kan med fordel innehalde referanse til gravferdslova §1, 3. ledd, og ikkje berre til Kyrkjelova §17, 3. ledd.

**VEDTAK i soknerådet med dei punkt som er presisert og retta under møtet:**

1. Soknerådet godkjenner forslaget til avtale om overdraging av heimel for kyrkjelege eigedomar frå Kviteseid kommune til Kviteseid sokn.
2. Soknerådet ber kyrkjevevja arbeide vidare med dei kyrkjelege eigedomane i Kviteseid med tanke på overføring av heimlane som i dag står på privatpersonar.
3. Soknerådet søker kommunen om fritak for dei kommunale gebyra i alle desse sakene.

**Sak 54/18, SR**

**Fornyng av liturgi til familiegudstenesta**

**ML**

Eg (soknepresten) har no leia familiegudstenester i eitt år etter gjeldande liturgi for denne. Etter mine erfaringar finn eg den sær sars ordrik og vanskeleg å fylgje for mange barn. Eg nemnde dette på menighetsmøtet i vår, og eg har drøfta det med trusopplæringsutvalet. På bakgrunn av erfaringane og innspela eg har fått ynskjer eg å danne ei gruppe som kan sjå på ulike døme på gudstenester i Den norske kyrkje som er open for alle generasjonar, men som er særleg tilpassa barn si tilstedeværing og deltaking. Eg ynskjer at gruppa kan utarbeide eit forslag til ny liturgi for familiegudstenester. Den bør ha element frå vår lokale høgmesse, frå «barnas gudsteneste» (sundagsskulen), fungere på tvers av generasjonane og særleg for barna.

**Forslag til VEDTAK:**

Soknepresten inviterer med seg interesserte til å danne komité for å utarbeide eit nytt forslag til liturgi for familiegudstenester. Arbeidet med ny liturgi får ein prøveperiode før soknerådet evt. vedtek ny liturgi.

**VEDTAK:**

Soknepresten inviterer med seg interesserte til å danne komité for å utarbeide eit nytt forslag til liturgi for familiegudstenester. Arbeidet med ny liturgi får ein prøveperiode før soknerådet evt. vedtek ny liturgi. Vidar Syrtveit Mikalsen sa seg villig til å vere med i komiteen og soknepresten har kontakt med nokre andre.

**Sak 55/18**

**Eventuelt**

Til oktobermøtet leggjast fram forslag til:

- Møtedatoar for 2019.
- Gudstenestekalender for 2019.

Neste ordinære møte i soknerådet vert etter vedtak (69/17): 3. okt. og 21. nov.